



Hilderun Søholt framføre plakaten som har trekt flest publikummarar på Stranda, nemleg Flåklypa.

FOTO: RITA LØSETH

Kino-opptur også lokalt

Fleire trekte til kinosalane i 2025, også lokalt. Med færre visningar og meir bevisst filmval har publikumstala på Stranda gått klart opp.

RITA LØSETH
rita@nyss.no

Kinoåret 2025 vart litt sterkare enn året før, men det er framleis ikkje godt nok, melder kinoane.

I ei pressemelding melder bransjeorganisasjonen Film & Kino at dei har sett ein viss auke i salet av kinobilletter frå 2024 til i fjor. Dei skildrar auken på 200.000 billetter som liten, men gledeleg.

I tillegg har norske filmar gjort det særst godt på lerretet i år. Fem av dei ti mest sette filmane i år er norske, og 31,3 prosent av alle selde billetter har vore til norske filmar.

Også på Storfjord kulturhus kan dei sjå attende på eit langt betre kinoår enn året før. I 2025 har fleire funne vegen til kinosalen, og publikumstala per visning har auka betydeleg.

– Vi har faktisk dubla besøkande per film i forhold til i fjor. Men årsakene er samansette. Vi har til dømes sett opp færre visningar, og så har vi blitt litt meir kyniske til kva

film vi har plukka ut. Vi har hatt det travelt i haust, så vi har ikkje hatt tid til å vise så mange filmar, fortel dagleg leiar ved Storfjord kulturhus, Hilderun Søholt.

Noreg i vinden

Ho peikar på at det særleg er norske filmar som har trekt folk. *Flåklypa* hamna heilt på toppen av sjåarlista, medan *Blücher* kom på andre plass. Også *Hvis ingen går i fella* samla mykje publikum, med mellom 220 og 250 framømte.

– Den ville nok truleg gått bra uansett, om vi hadde sett den opp sjølve også, seier Søholt, og viser til at dette var ei gratisframvisning i regi av Sparebanken Møre.

I samband med Turforeinings sitt jubileum vart det også litt spontant sett opp ein annan norsk film, klatrefilmen *Trango*. Filmen følgjer klatraren Robert Caspersen og teamet hans på veg mot Himalaya og draumen om å vere dei første til å klive opp på Trango Pulpit.

Filmen vart svært godt motteken, sjølv om det hovudsakleg var deltakarane på jubileumsfeiringa som fekk sjå han.

Film – og noko attåt

– Denne trur eg også ville gått svært bra som ordinær visning, seier Søholt.



Storfjord kulturhus.

FOTO: RITA LØSETH

Totalt vart det vist 23 filmar på kinoen i 2025, med eit samla besøkstal på 1.439. Søndagane har peika seg ut som dei beste kinodagane.

– Ja, erfaringsmessig er det søndagar som er best for ordinære filmar. Men vi har også hatt suksess med arrangement der vi viser musikkfilm med etterfølgjande tacobuffé, fortel ho.

Det vart arrangert tre slike kveldar, mellom anna med

film om Bob Dylan og Bruce Springsteen. På valentinsdagen stod *Bridget Jones si dagbok* på programmet. I april kjem det ein ny film om Michael Jackson, og då kan det bli ny tacobuffé.

Framover knyter det seg store forventningar til filmen *Kraken* av den lokale filmskaparen Pål Øye.

– Kraken har premiere fredag 6. februar, og den satsar vi på å vise. Vi håpar på regissør-

besøk, og uansett vil vi gjere litt ekstra ut av det, lovar Søholt.

Samtidig legg ho ikkje skjul på at nokre visningar har vore meir glisne.

– Tre barnefilm selde dårleg, med rundt ti publikummarar. Det er litt trasig når ein må vere to på jobb. Men fulle hus skulle vi gjerne sett oftare – ingenting er kjekkare enn det, avsluttar Søholt, og lokkar med nypoppa popkorn for å gjere kinokjensla komplett.